



# NOREGS HØGSTERETT

Den 6. september 2021 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Indreberg, Matheson og Høgetveit Berg i

**HR-2021-1787-U, (sak nr. 21-119884STR-HRET), straffesak, anke over dom:**

A (advokat Javeed Hussain Shah)

mot

Påtalemakta

gjort slikt

## V E D T A K :

- (1) Saka gjeld anke i sak om kroppskrenking, forsøk på ran og ran.
- (2) Statsadvokatane i Oslo tiltalte 24. mars 2020 A, saman med B og C, for grov kroppsskade eller medverknad til dette, jf. straffelova (2005) § 274, jf. § 273, jf. § 15 (tiltalen post I). A vart i tillegg tiltalt for eitt forsøk på ran, jf. § 327, jf. § 16 og eitt ran, jf. § 327 (tiltalen post II og III).
- (3) Nedre Romerike tingrett sa 19. august 2020 dom der A og B vart frifunne. C vart dømt til fengsel i 120 dagar for medverknad til grov kroppsskade. Han vart også dømt til å betale skadebot og oppreising til fornærma.
- (4) Påtalemakta anka tingrettens dom for A og C. For A gjaldt anken provvurderinga under skuldspørsmålet for heile tiltalen og avgjerda om inndraging. Kaperski anka spørsmålet om skuld. Den fornærma i tiltalepost I anka avgjerda over dei sivile krava mot A og C.
- (5) Eidsivating lagmannsrett sa 7. juli 2021 dom med slik domsslutning:
  - «1. C, født 00.00.2000, frifinnes.
  2. A, født 00.00.2000, domfelles for overtredelse av straffeloven, § 271, straffeloven § 327 og straffeloven § 327 jf. § 16, sammenholdt med straffeloven § 79 første ledd bokstav a og straffeloven § 80 bokstav h til 240 – tohundreogførti – timer samfunnsstraff, subsidiært 8 – åtte – måneder fengsel. Gjennomføringstiden settes til 1 – ett – år.
  3. A frifinnes for inndragningskravet.
  4. A dømmes til å betale erstatning til D med kroner 10 027 – titusenogtjuesju – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse.

5. A dømmes til å betale oppreisningserstatning til D med kroner 80 000 – åttitusen – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse.
6. A dømmes til å betale oppreisningserstatning til E med kroner 15 000 – femtentusen – innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse.»

- (6) Det var delvis dissens i lagmannsretten for tiltalepost I. Alle dommarane fann det prova at A hadde slått den fornærma ein gong, og at vilkåra for å domfelle for kroppskrenking var oppfylte. Fleirtalet, dei fem meddommarane, fann det i tillegg prova at han hadde styrkt forsettet til andre om vold mot den fornærma og røysta for domfelling for grov kroppsskade. Dei to fagdommarane fann det ikkje prova at A hadde forsett om medverknad til kroppsskade. I tråd med straffeprosesslova § 35 fyrste ledd andre setning, vart A difor domfelt for kroppskrenking, jf. straffelova § 271.
- (7) A har anka til Høgsterett. Anken gjeld lovbruken, sakshandsaminga og straffutmålinga. Han har i tillegg kravd ny handsaming av dei sivile krava. I kortform er det gjort gjeldande: Det er ikkje provgrunnlag for domfelling. A skulle ha vore frifunnen på grunn av nødverje for post I. For postane II og III er det ikkje prova at det ligg føre subjektiv skuld for skadeverknadene. Saka var ikkje tilstrekkeleg opplyst og lagmannsrettens domsgrunnar er ikkje tilstrekkelege. Den utmålte straffa er for streng. Vilkåra for oppreising er ikkje oppfylte og uansett er oppreisingsbeløpet for høgt.
- (8) *Påtalemakta* har gjort gjeldande at det ikkje er feil ved lagmannsrettens dom og at den utmålte straffa er ikkje for streng.
- (9) *Høgsteretts ankeutval* viser til at A vart frifunnen i tingretten, men dømd i lagmannsretten. Han har difor ankerett, jf. straffeprosesslova § 323 fyrste ledd tredje punktum. Ankeutvalet kan nekte å fremja anken dersom det samrøystes finn det klart at anken ikkje kan føre fram. Ei nekting må grunngjevast, jf. § 323 andre ledd andre punktum.
- (10) Når det gjeld anken over lovbruken, er det i støtteskrivet frå forsvararen vist til at lagmannsretten har stilt for svake krav til prov. Dei omstenda som blir trekte fram, er likevel utelukkande knytte til lagmannsrettens konkrete provvurdering, som Høgsterett ikkje kan prøve. Det er uansett ikkje haldepunkt for at lagmannsretten har lagt til grunn feil provkrav.
- (11) Anken over sakshandsaminga er retta mot to forhold. Det fyrste er at saka ikkje var tilstrekkeleg opplyst for lagmannsretten. Dette er ikkje nærare konkretisert i anken eller støtteskrivet. Ankeutvalet finn uansett ingen haldepunkt for at lagmannsretten ikkje har oppfylt plikta til å syte for opplysning av saka.
- (12) Anken over sakshandsaminga er også retta mot lagmannsrettens domsgrunnar. Anken må forståast slik at det blir gjort gjeldande at lagmannsretten skulle formulert kva for prov som er vurderte annleis av lagmannsretten enn av tingretten.
- (13) Krava til domsgrunnar er oppsummerte i HR-2021-871-U avsnitt 17:

«Straffeprosessloven § 40 fjerde ledd bestemmer at domsgrunnene skal «angi hovedpunktene i rettens bevisvurdering». Dette er vidare utlagt i rettspraksis som et krav om at det blir redegjort for de sentrale punktene i bevisvurderingen, og at det kort angis hva som har vært avgjørende, jf. blant annet HR-2018-1601-U avsnitt 14. Når tiltalte er frifunnet i tingretten og domfelt i lagmannsretten, som i dette tilfellet, må det dessuten gjøres nærmere rede for bevisvurderingen på de punktene hvor lagmannsretten har

konkludert annerledes enn tingretten. Samtidig er det slik at ikke enhver mangel ved begrunnelsen leder til opphevelse, først når sentrale punkter i bevisvurderingen blir stående uforklart må det bli resultatet, se HR-2018-2109-U avsnitt 12 og 13 og HR-2021-528-U med videre henvisninger.»

- (14) For tiltalepost I la både tingretten og lagmannsretten til grunn at A slo den fornærma i fjeset. Også tingretten la difor til grunn at det objektivt sett låg føre ei kroppskrenking. Det går vidare klart fram av lagmannsrettens dom at konklusjonen om at A ikkje handla i nødverje, byggjer på forklaringa frå den fornærma.
- (15) Også når det gjeld tiltalepostane II og III byggjer lagmannsrettens dom på forklaringar frå dei fornærma. Tingrettens provvurdering på dette punktet ser ut til å byggje på forklaringa til vitnet Wangenstein. Det går konkret fram av lagmannsrettens dom kvifor retten ikkje legg vekt på forklaringa frå Wangenstein. Dette er tilstrekkeleg.
- (16) Ankeutvalet kan såleis ikkje sjå at lagmannsrettens domsgrunnar er mangelfulle.
- (17) I straffutmålinga har lagmannsretten lagt til grunn følgjande:

«Under henvisning til avgjørelsene fra Høyesterett mener lagmannsretten at straffen for ranet og forsøk på ranet bør medføre fengsel i om lag ti måneder.

Legemskrenkelsen kvalifiserer etter lagmannsrettens syn til fengsel i 45 dager. Ved vurderingen er det lagt vekt på at volden skjedde nattetid på offentlig sted, at den var uprovosert og planlagt.

A var 17 år og 7 måneder da forholdet i tiltalens post I ble begått og 17 år og ni måneder da han begikk ranshandlingen. Fengselsstraff for personer under 18 år skal bare idømmes når det er særlig påkrevet, jf. straffeloven § 33. I utgangspunktet er samfunnsstraff ikke en anvendelig reaksjon ved ran. Ettersom A var under 18 år, sammenholdt med at det har gått ca. tre år siden forholdene ble begått, vil samfunnsstraff likevel være en riktig reaksjon. Det bemerkes også at A synes å ha hatt en positiv utvikling i livet. Han er i dag student ved BI og arbeider ved siden av. Han er heller ikke registrert med nye straffbare forhold og en fengselsstraff vil mest sannsynlig ha en uheldig påvirkning på den positive utviklingen han har hatt.

Tidsforløpet må også få noe betydning for straffens lengde. A ble tiltalt våren 2019. På grunn av nye opplysninger, som involverte C, var det imidlertid behov for å etterforske saken ytterligere. Ny tiltale, som også omfattet C, ble tatt ut i mars 2020. Det er ikke opplysninger om at saken har hatt liggetid frem til dette tidspunktet. Saksbehandlingen fremstår likevel som for lang, særlig på grunn av tiltaltes alder. At det har gått ytterligere ett år og fire måneder til pådømmelse i lagmannsretten, har åpenbart vært en belastning for A.

Lagmannsretten har etter dette kommet til at straffen passende kan settes til 240 timer samfunnsstraff, subsidiært 8 måneder fengsel. Gjennomføringstiden settes til ett år.

Straffeloven § 79 første ledd bokstav a og straffeloven § 80 bokstav h er iaktatt.»

- (18) Det er frå As side gjort gjeldande at lagmannsretten i større grad skulle ha vektlagt subjektive forhold, samstundes som det ikkje er ført tilstrekkelege prov for helseskader som følgje av handlingane. I den grad omfanget av helseskader er relevante, viser ankeutvalet til at lagmannsretten ikkje har lagt til grunn skader, ut over det som er funne prova under skuldspørsmålet, som eit skjerpande moment. At lagmannsretten ikkje har trekt fram moglege straffutmålingsmoment som ikkje er framtreddande, er ingen feil.

- (19) Etter ankeutvalets syn er det ikkje eit openbert mishøve mellom den straffbare handlinga og straffa, jf. straffeprosesslova § 344.
- (20) Høgsteretts ankeutval finn det etter dette samrøystes klart at anken ikkje vil føre fram, jf. straffeprosesslova § 323 fyrste ledd tredje punktum. Anken reiser heller ikkje spørsmål av relevans utanfor den konkrete saka, og det er heller ikkje av andre grunnar viktig å få saka prøvd i Høgsterett, jf. straffeprosesslova § 323 fyrste ledd andre punktum. Anken blir difor ikkje tillaten fremja.

#### S L U T N I N G

Anken blir ikkje tillaten fremja.

Wilhelm Matheson  
(sign.)

Hilde Indreberg  
(sign.)

Borgar Høgetveit Berg  
(sign.)